

Saknr	Organ	Dato
01/2020	Representantskapet IKTNH	17.01.2020

Sak 1 – Godkjenning av sakliste

Vedtak:

Saklista vart samrøystes godkjent.

Saknr	Organ	Dato
02/2020	Representantskapet IKTNH	17.01.2020

Sak 2 – Val av to personar til å skriva under møteprotokoll

Vedtak: Per og Knut Harald vart samrøystes valde.

Saknr	Organ	Dato
03/2019	Styret IKTNH	13.12.2019
03/2020	Representantskapet IKTNH	17.01.2020

Sakshandsamar	Arkivsaknr:	Dokument nr
Sveinung Kvamme		

Sak 3 – Delegasjonsreglement IKTNH

Etter § 8 i samarbeidsavtalen skal representantskapet m.a. gje fullmakt til styret.

I sak 3/2019 gjorde styret vedtak om ei rekkje styringsdokument for IKTNH, som også omfatta framlegg til delegasjon av fullmakt frå representantskapet til styret. Framlegget ligg som vedlegg til saka.

Vedtak:

Delegasjonsreglementet vert godkjent slik det ligg føre. Samrøystes.

Saknr	Organ	Dato
01/2019	Styret IKTNH	13.12.2019
04/2020	Representantskapet IKTNH	17.01.2020

Sakshandsamar	Arkivsaknr:	Dokument nr
Sveinung Kvamme		

Sak 4 – Budsjett IKTNH 2020

Etter § 14-8 i ny kommunelov skal kommunale oppgåvefelleskap utarbeida eige årsbudsjett innafor dei rammene som er vedtekne i samarbeidsavtalen.

Iflg samarbeidsavtalen § 11 skal IKTNH nytta same budsjett- og rekneskapsår som kommunane. Tilsvarande gjeld reglane for budsjett i kommunelova og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett mv av 07.06.2019, så langt dei høver. Budsjett og økonomiplan skal godkjennast av representantskapet.

Frå 2020 er IKTNH eit sjølvstendig juridisk subjekt, med arbeidsgjevaransvar og eigen økonomi. Dette fører med seg noko auka kostnader samanlikna med drifta i vertskommunemodellen tidlegare år. Men utvidinga av samarbeidet frå 2020 gjer det mogeleg å finansiera dette og samstundes redusera kostnaden for alle deltakarkommunane samanlikna med tidlegare år.

Til grunn for budsjett for IKTNH ligg tenesteavtalane (SLA) med deltakarkommunane og tilsvarande avtalar for andre organisasjonar som får tenester levert frå IKTNH. Vidare har IKTNH, så langt råd er, lagt inn verknadene av nye, endra eller avvikla tenester knytt til digitalisering, IKT-strategi og generell utvikling i marknaden.

I 2020 skal helsehuset i Knarvik utrustast, og IKTNH skal levera og drifta nettverksløyser i bygget. Det er så langt ikkje gjort nokon avtale om desse leveransane, og det er pr i dag vanskeleg å talfesta verknadene på ein sikker måte i budsjettet. Det er likevel lagt inn grove estimat. IKTNH skal også inngå ei rekkje nye leveranseavtalar med verknad får 2020, utan at desse er talfesta i budsjettet. Det er grunn til å tru at omsetninga i 2020 vert høgare enn det som går fram av budsjettala, men førebels er det for mange usikre faktorar til at auken kan talfestast.

Det er lagt opp til lånefinansiering av investeringar, noko som gir seg utslag i rente- og avdragskostnader. Lån vil verta tekne opp med fastrente i låneperioden, som igjen vil svara til avskrivningstida for investeringane. Utviklinga i IKT-bransjen går raskt, og det er difor uråd å spesifisera sannsynlege investeringar etter 2020. Det er førebels ikkje lagt inn tal i økonomiplanen, og IKTNH vil koma tilbake til styret med dette snarast råd.

Det er lagt inn kostnader til medlemskap i KS bedrift, nye person- og tingforsikringar, revisjon og tenestekjøp iht løn/HRM og arkiv.

Økonomiplan 2021-23 vil IKTNH koma attende til i seinare møte. Dette gir følgjande budsjett for 2020:

Budsjett drift IKTNH 2020		
Hovudoversyn	B2019	B2020
Fast overføring frå deltakarkommunane	23 881 960	27 407 000
Variabel overføring frå deltakarkommunane	11 055 493	14 068 824
Avgiftspliktige salsinntekter	-	400 000
Andre inntekter/refusjonar	-	140 000
Sum inntekter	34 937 453	42 015 824
Lønsutgifter	11 487 611	14 456 429
Sosiale utgifter	3 822 042	4 427 000
Kjøp av varer og tenester	19 127 800	22 482 395
Overføringar og tilskot frå andre		250 000
Avskrivningar		
Sum driftsutgifter	34 437 453	41 615 824
Brutto driftsresultat	500 000	400 000
Renteinntekter		-
Rentutgifter		31 025
Avdrag på lån		248 200
Netto finanspostar		279 225
Motpost avskrivningar		-
Netto driftsresultat		120 775
Avsett til disposisjonsfond		120 775
Bruk av disposisjonsfond		
Netto	-	-
Overføring spesifisert pr deltakarkommune		
4631 Alver	12 550 993	10 942 482
4625 Austevoll	-	2 576 949
4632 Austrheim	1 866 776	1 762 397
4633 Fedje	1 075 729	947 846
4635 Gulen	-	1 564 452
4634 Masfjorden	1 466 659	1 350 392
4629 Modalen	1 013 806	884 083
4630 Osterøy	3 647 227	3 595 751
4623 Samnanger	-	1 614 552
4628 Vaksdal	2 260 768	2 168 096
Sum fast deltakardel for året	23 881 960	27 407 000
Utanom ordinær fordeling (prosjekt, DPO, lisens)		14 068 824
Sum overføring		41 475 824
Mogeleg meirforbruk må dekkast ved overføring frå deltakarkommunane seinast det tredje året etter at meirforbruket oppstod		
Det vert såleis inga "avrekning" i januar/februar 2021 for 2020.		
Fordelinga for 2020 er basert på folketal pr 1.1.2019, og vil verta justert i sam-		

Investering		
Prosjekt		2020
Helsehuset, 2 rack, 2 kjernesvitsjar		300 000
Helsehuset - svitsjar 37 stk		500 000
Helsehuset trådløst, 300 AP		1 050 000
Backuppløysing til full dekning		400 000
Aruba trådløst controller		232 000
Generell IKT investering		
Sum investering		2 482 000
Finansiering		
Opptak av lån		2 482 000
Sum finansiering		2 482 000
Oversyn gjeld		
Restlån 1.1.		
Fastrente (5 års binding)	2,50 %	31 025
Nye lån		2 482 000
Betalte avdrag		248 200
Restlån 31.12.		2 233 800

Samrøystes vedtak i styret:

Styret rår til at driftsbudsjettet for IKTNH for 2020 vert vedteke i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga. I investeringsbudsjettet vert investeringar knytt til helsehuset tekne ut, og låneopptak vert tilsvarande redusert.

Etter styremøtet 13.12.2019, har IKTNH og NUI vorte samde om å leggja til grunn ein driftsmodell der IKTNH eig og driftar nettverket i helsehuset, og helsehuset betalar ei årleg leige.

Styret rår difor til at investeringsbudsjettet i IKTNH også omfattar investeringar i utstyr, slik det går fram av saksutgreiinga frå IKTNH.

Vedtak:

Representantskapet godkjenner IKTNH sitt drifts- og investeringsbudsjett for 2020, slik det går fram av saksutgreiinga, medrekna investeringar i nettverksutstyr i Region Nordhordland Helsehus. Samrøystes